

Innbyding til

# Handverksmesse

**Laurdag 18. og søndag 19. november 2023  
i Siddis-stova, Rektor Oldensgt. 17, Stavanger**

Med atterhald at ikkje koronasituasjonen tilseier noko anna ønskjer Bondeungdomslaget i Stavanger vel møtt til handverksmesse i "Siddis-stova", lagshuset vårt i Rektor Oldensgt. 17, Stavanger **laurdag 18.11. kl. 11:00 til 16:00 og søndag 19.11. kl. 11:00 til 16:00.**

Lagshuset vårt ligg på Tjensvoll / Lassa rett utanfor sentrum i nærleiken av Stavanger Forum sitt messeområde (SiddisHallen). Vi legg opp til ei messe der dyktige handverkarar sel eigenproduserte produkt innanfor ulike område. I tillegg har laget ein eigen stand der me sel ulike bruks- og nytteartiklar medlemene våre har laga til inntekt for laget.

Salgsmessa vert i hovudsalen som er omlag 360 m<sup>2</sup> stor. I dei tilstøytande lokala vil det bli kafèdrift med matserving (også varm mat). Vi vil satse på ei familievenleg messe med tilbod både for små og store, og utan inngangspengar.

Vi vil gjere messa kjend ved annonser i lokalavisene i Stavanger og omland, og med utdeling av flygeblad og plakatar rundt i distriktet.

Treng du overnatting er det fleire hotell i nærleiken i gangavstand frå Siddis-stova.

**Prisar:** Påmeldingsavgifta som og inkluderer ein grunnmodul (bord) på 1,2 meter lengde er kr. 500,-  
Vil du ha større plass, kostar kvar tilleggsmodule på 1,2 meter kr. 500,-

Opprigginga blir fredag 17.11. frå kl. 17:00. Det vil vera enten fast vegg eller skiljeveggar ved dei fleste plassane samt bord for kvar bestilt modul. Andre særskilde ønskje **må** førast opp på påmeldingsskjemaet. Det vil vera døgnvakt i huset under heile messa for å sikre varene på beste måte.

Me sender ut rekning for betaling av messeavgifta seinare. Vi ønskjer ei størst mogleg breidde på utvalet, så er det mange med same varegruppe som ønskjer plass, gjeld først-til-mølla regelen.

Sjå og heimesida vår **www.bulstavanger.no**. Her kan du også melde deg på ved å fylle ut eit elektronisk påmeldingsskjema

Meir opplysning kan du få ved å kontakte:

e-post: bul.stav@gmail.com

Arrangør:

**Bondeungdomslaget i Stavanger**



Rektor Oldens gate 17  
4022 Stavanger